

Saksprotokoll i 03.03.2020 - fylkestinget

Fylkesordføraren gav slikt svar:

«Erfaringar frå tidlegare arbeid i dei to fylka:
Tidlegare Hordaland og Sogn og Fjordane fylke hadde ulike tiltak for formidlings- og nettverksarbeid.

- Hordaland har i prosjektet «Auka gjennomføring - fleire ut i lære» utvikla eit verktøy og ulike metodar som skulane har nytta i arbeidet med å oppfylle samfunnskontrakten. Prosjektet har vekt nasjonal merksemd.
- Sogn og Fjordane sitt mål- og strategidokument, 2016-2019, sette særleg merksemd på fag- og yrkesopplæringa. Dette resulterte i systematiske tiltak og øyremerkte ressursar til formidling- og nettverksarbeidet gjennom stillingar ved dei vidaregåande skulane for arbeidslivskontaktar.
- Arbeidet med å profesjonalisere faget yrkesfagleg fordjuping har vore ei satsing i begge fylkeskommunane.
- Samarbeidsavtalar mellom dei vidaregåande skulane og arbeidslivet er registrert på www.utdanning.no, for å synleggjere samhandlinga den enkelte skule har med arbeidslivet.

Desse tiltaka har gitt særst gode resultat og målet er at alle kvalifiserte elevar skal ha ein læreplass ved utgangen av Vg2. Høyringsutkastet *Med rett til å mestre* (NOU 2019:25) føreslår at fylkeskommunane skal sette av personalressursar for at skulane skal følge elevane over i læretida.

Fylkesdirektøren for opplæring og kompetanse i Vestland fylkeskommune har fått tildelt midlar frå Utdanningsdirektoratet. Midlane finansierer to prosjektstillingar. Det gir høve til å tenke heilskapleg i den nye organiseringa, og arbeidet her vil vere med å utvikla felles praksis for heile Vestland fylke. Den fremste oppgåve er å arbeide med tiltak som får elevane ut i lære, det vil seie samarbeid med dei vidaregåande skulane og i skulane sitt arbeid i lokale bedriftsnettverk.

Ein vil komme tilbake til fylkestinget i budsjett- og økonomiplanarbeidet og arbeidet med mål- og strategiar for vidaregåande opplæring, om innsatsområde knytt til overgangen frå vg2 i skule til opplæring i bedrift.»